



Lærer: Hans Erik Bugge
Stavanger katedralskole,
Stavanger

ÅRBOK

36

Ramma for denne filmen er mappeskriving i form av ei årbok. Elevane samlar på alle tekstane dei skriv, og på slutten av skuleåret lagar kvar elev ei årbok med dei redigerte og ferdige tekstane sine. Årboka gjev eit tydeleg innblikk i den skriftlege produksjonen eleven har hatt, og kva som har vore tema undervegs i undervisninga.


I filmen får vi sjå at elevane skriv ein tekst som skal vere med i årboka. Temaet er julefeiring, og eit av dei grammatiske elementa elevane skal leggje vekt på i skrivearbeidet, er bruken av preteritumsformene indefinido og imperfecto (aspekt).

Skriveøkta byrjar med at elevane lagar ein ordbank med gloser knytte til temaet. Ordbanken gjer det lettare for elevane å kome i gang med skrivinga og gjev dei eit felles ordtilfang i temaet.

Elevane skriv eit førsteutkast av teksten. Undervegs går læraren rundt blant elevane og fungerer som rettleiar. Etter skrivinga sit elevane to og to og gjev kvarandre respons på tekstane dei har skrivne. Responsen dreier seg først og fremst om å sjå etter om preteritumsformene er riktige brukte, sjå på ordtilfanget og elles gje attendemeldingar på teksten som heilskap til responspartnaren.

Etter at elevane har fått litt tid til å rette opp tekstane sine, byter dei partnaran og les tekstane høgt for kvarandre. På denne måten får elevane nye tilhøyrarar til tekstane sine, dei får gått gjennom teksten dei har skrivne, endå ein gong, og dei får øving i uttale.

I neste runde er det læraren som skal gje respons på teksten før elevane lagar det endelege utkastet og lagrar teksten i årbokmappa si.



Mange av elevane har laga illustrasjonar til dei ferdige tekstane slik at årboka skal bli ekstra fin iså ja. Nettopp dette at årboka skal vere forseggjord, gjer også at elevane vert stolte av arbeidet sitt, noko som motiverer til vidare innsats.

Oppsummeringa av skriveøktane dreier seg om det grammatikalske fokuset for skriveøktane. Når gjekk det greitt å bruke dei to preteritumsformene, og når var det vanskeleg å skjønne om ein skulle bruke indefinido eller imperfecto?

Spørsmål til diskusjon

Kva er skilnaden på å lage ei årbok og på meir tradisjonell mappebruk?

Korleis kan ein få til systematikk og progresjon i skrivinga på målspråket?

Korleis kan innlæring av grammatikk kopløst med skriving?

Ressursar

Den europeiske språkpermen:
www.fremmedspraksenteret.no/elp

Michaelsen, Eva og Randi O. Johansen (2007): *Mappevurdering – håndbok for læreren*. Universitetsforlaget

Karlsen, Asgjerd Veia og Tor Arne Wølner (2006): *Den femte grunnleggende ferdighet. Portefølje og digitale mapper – et sted for læring*. Gyldendal Akademisk